

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018**

**Roald Stenseide, Frp**, sette på vegner av Frp, H, V og MDG, fram slikt forslag:

«Fylkestinget henviser til tidligere vedtak vedrørende regnskapoverskudd hvor 50% skal avsettes til fremtidig investering. Øvrige 50% avsettes til veivedlikehold.»

**Tom Sverre Tomren, MDG**, sette fram slik protokollmerknad:

«Med omgrepet «veg» forstår MDG både sykkelvegar og dei eksisterande fylkesvegane.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 8 røyster (A/Sp/KrF/SV) mot 7 røyster (H/Frp/V/MDG) for Stenseide sitt forslag.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2017 vert godkjend.

2. Overskotet vert disponert slik:

Finansiering av investeringar / redusert låneopptak	53 500 000
Disposisjonsfond (fritt)	53 585 341
<u>SUM</u>	<u>107 085 341</u>

### **Protokollmerknad frå MDG**

Med omgrepet «veg» forstår MDG både sykkelvegar og dei eksisterande fylkesvegane.